

Markerte seg sterkt på landsmøtet.

20.04.2016



Kristian Bringedal på talarstolen under landsmøtet.

Sist helg vart landsmøtet i Noregs mållag avvikla i Bergen, og Kvinnherad mållag stilte med 3 representantar. Det var Gaute Lund, Øystein Skjæveland og Kristian Bringedal. Det vart meldt frå landsmøtet at lokallaget markerte seg sterkt i mange saker, og alle dei tre lokale utsendingane var på talarstolen.



#### Nær på 200 utsendingar møtte fram på landsmøte i Noregs mållag

Leiar, Kristian Bringedal, hadde innlegg i saka om målstyrkingstiltak i kommunane. Bakgrunnen var Fjell kommune og kva tiltak ein set inn for å auka nynorsken i ein randkommune i nærleiken av Bergen. Eit av tiltaka er målbruksplan, slik det også er gjort vedtak om i Kvinnherad. I tillegg hadde Gaute Lund og Øystein Skjæveland fleire innlegg.

Eit artig innslag som vart lagt merke til, var då Skjæveland frå ISROSA delte ut is til alle delegatane. Andre viktige saker var: Nynorsk i fagrørsla, nynorsk for vaksne innvandrarar og nynorsk i barnehagane.

Det vert rapportert om eit særskilt godt landsmøte med svært god deltaking, faktisk rekorddeltaking med tett på 200 utsendingar.

Kvinnherad mållag har 150 medlemer, men det er ikkje så mange frå Uskedalen enno. Leiar, Kristian Bringedal, oppmodar til å mælda seg inn.

Målblomen vart nyleg tildelt Festidalen. Mållaget førebur ei markering på årets festival i august.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Øystein Skjæveland/ Kristian Bringedal